

## **AKSJONÆRAVTALE**

om eigarskapet

i Sogn og Fjordane Holding AS

mellom

Sogn og Fjordane fylkeskommune;

Førde kommune;

Flora kommune;

Sogndal kommune;

Stryn kommune;

Eid kommune;

Vågsøy kommune;

Gloppen kommune;

Årdal kommune;

Luster kommune;

Høyanger kommune;

Bremanger kommune;

Askvoll kommune;

Jølster kommune;

Gaular kommune;

Fjaler kommune;

Naustdal kommune;

Selje kommune;

Vik kommune;

Gulen kommune;

Leikanger kommune;

Lærdal kommune;

Aurland kommune;

Hyllestad kommune;

Balestrand kommune; og

Solund kommune

Denne aksjonæravtalen («**Aksjonæravtalen**») er inngått mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune («**Fylkeskommunen**») og kommunar geografisk plassert innanfor dagens Sogn og Fjordane fylke (kommunane samla «**Primærkommunane**») og som vil være ein del av Vestland fylkeskommune per 1. januar 2020. Primærkommunane er lista opp i [Vedlegg 1](#).

Fylkeskommunen og Primærkommunane saman «**Partane**», kvar for seg ein «**Part**».

Aksjonæravtalen skal regulere eigarskapet til Partane i Sogn og Fjordane Holding AS («**Selskapet**»).

## **1. Bakgrunn**

Selskapet eig 2 556 604 A-aksjar og 1 278 300 B-aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS («**SFE**»). Aksjane er den einaste eigedelen til Selskapet. Verdiane i SFE, og dermed også Selskapet, er tett knytte til kraftutbyggingar som har gått føre seg i Primærkommunane over lang tid. Som ei følge av dette har Primærkommunane tolt, og toler framleis, naturinngrep for å utvikle verdiane Selskapet no har hand om.

Partane ønskjer at verdiane kraftutbyggingane og SFE utgjør skal komme Primærkommunane til gode, og at verdiane vert best ivareteke lokalt gjennom eit stabilt og varig eigarskap.

## **2. Føremål**

- 2.1 Føremålet med Aksjonæravtalen er å sikre eit stabilt og varig eigarskap i SFE som sikrar at verdiane kraftutbyggingane representerer har lokal forankring.
- 2.2 Aksjonæravtalen skal regulere Partane sine rettar og plikter som aksjonærar i Selskapet for å realisere føremålet i (1) på det Partane held for å vera best mogeleg måte.
- 2.3 Selskapet er eit holdingselskap for aksjar i SFE. SFE er eit selskap som driv vasskraftproduksjon, straumnett, straumsal og andre verksemdsområde i samband med dette. Selskapet skal vera ein reiskap for å sikre langsiktig og ansvarleg forvaltning av eigarskapet i SFE.

## **3. Aksjefordeling**

- 3.1 På tidspunktet for inngåinga av Aksjonæravtalen har Selskapet ein aksjekapital på NOK [sett inn], fordelt på [sett inn] aksjar, kvar pålydande NOK [sett inn].
- 3.2 [Sett inn] aksjar er A-aksjar og [sett inn] er B-aksjar.
- 3.3 A-aksjar kan berre eigast av Fylkeskommunen eller Fylkeskommunen sin rettsetterkomar Vestland.
- 3.4 B-aksjar kan berre eigast av Primærkommunane.
- 3.5 Ved gåvebrev [dato], som er handsama og akseptert av Primærkommunane, har Fylkeskommunen overført alle B-aksjar vederlagsfritt til Primærkommunane. Etter overdraginga eig Fylkeskommunen alle A-aksjane. Alle B-aksjane er fordelt på Primærkommunane. [Vedlegg 1](#) til denne Aksjonæravtalen viser aksjefordelinga etter overdraginga.
- 3.6 Fordeling av aksjar er gjort etter avgjerd teke av Fylkeskommunen og skal ikkje kunne angripast av nokon av Partane.
- 3.7 Forskjellane mellom aksjeklassane går fram av Selskapet sine vedtekter, [Vedlegg 2](#) til denne Aksjonæravtalen.

#### **4. Utvikling og eigarstrategi**

- 4.1 Partane er samde om at Selskapet sitt eigarskap i SFE skal sikre forsvarleg utvikling av SFE ved å legge til rette for føremålstenlege investeringar i og vidareutvikling av SFE sine forretningsområde. Eigarskapet skal forvaltast slik at SFE held fram å vera konkurransedyktig innanfor regionen.
- 4.2 Partane er samde om at Selskapet sitt eigarskap i SFE skal sikte mot å maksimere verdiane i SFE i form av verdistigning på aksjane i SFE og dermed også aksjane i Selskapet.
- 4.3 Når tilstrekkelege midlar er sett av til å sikre føremålet nemnd ovanfor, har partane som målsetting å dele ut eit rimeleg utbytte.

#### **5. Forkjøpsrett ved overdraging av aksjar**

- 5.1 Før aksjar vert overdregne skal andre aksjonærar gjevast tilbod om å kjøpe aksjane etter prioritet som skissert i dette punkt 5.
- 5.2 Før aksjar vert overdregne skal det fyrst gjevast eit tilbod på dei samla aksjane til kvar einskild av eigarane av B-aksjane med ein fastsett frist på fire veker frå meldinga vart send til å gjere gjeldande forkjøpsretten.
- 5.3 Forkjøpsretten må gjerast gjeldande for alle aksjane det er eit ønske om å overdra. Gjer fleire av eigarane av B-aksjar gjeldande forkjøpsrett innan fristen skal aksjane fordelast etter same høve som eksisterande aksjeeigarskap. Aksjar som ikkje lar seg fordele etter føresegnene her skal fordelast mellom rettshavarane ved loddtrekning.
- 5.4 Gjer ingen av eigarane av B-aksjane gjeldande forkjøpsrett skal eigaren av A-aksjane gjevast tilbod om aksjane med ein fastsett frist på fire veker. Forkjøpsretten må gjerast gjeldande for alle aksjane det er eit ønske om å overdra. Forkjøpsretten vert gjort gjeldande ved melding til aksjonæren som tilbyr aksjane.
- 5.5 Summen som skal betalast for aksjane vert fastsett til ein forhaldsvis del av dei underliggjande verdiane i selskapet, utan omsyn til kor mange stemmar eigar av aksjane kan stemme for på generalforsamlinga i selskapet. Vert det ikkje vert oppnådd semje om summen skal summen avgjerast ved skjønn. Summen skal betalast innan ein månad etter at kravet vart fremja, eller innan to veker etter at tvist om summen er bindande avgjort.
- 5.6 Forkjøpsretten skal ikkje gjelde ved samanslåing av kommunar i medhald av inndelingslova eller tilsvarende lovgjeving. Ved kommunesamanslåing vil den nye eininga halde fram som eigar av aksjane for den samanslegne kommunen. Den samanslegne kommunen skal vera forplikta etter Aksjonæravtalen.

#### **6. Medsalsrett og subsidiær forkjøpsrett**

- 6.1 Dersom forkjøpsrett ikkje vert gjort gjeldande og ein Part forhandlar om overdraging av aksjane sine skal denne Parten sikre at kjøpar er forplikta til å overta alle B-aksjane på same vilkår.
- 6.2 Overdragande Part skal sende melding til eigarane av B-aksjar med orientering om vilkåra for overdraginga.
- 6.3 Etter at vilkår for overdraginga er forhandla fram har ikkje-overdragande eigarar av B-aksjar ein frist på fire veker frå melding med orienteringa om vilkåra for overdraginga er sendt til ved melding å

- i) gjere gjeldande medsalsretten; eller
- ii) velje å tre inn i vilkåra i staden for kjøparen og kjøpe aksjane frå den seljande Part.

6.4 Dersom alternativ ii) i punkt 6.3 vert valt skal punkt 5.3 gjelde så langt den passar. Ved val av alternativ ii) skal det ikkje kvile på nokon rett eller plikt til å kjøpe aksjane til aksjonærar som gjer medsalsretten gjeldande.

6.5 Ein ikkje-seljande eigar av B-aksjar kan velje å gjere gjeldande forkjøpsretten i ii) gjeldande subsidiært til medsalsretten slik at forkjøpsretten fyrst vert utløyst for det tilfellet at ein annan B-aksjeeigar berre gjer forkjøpsretten i ii) utan å gjere gjeldande medsalsretten. Det må gå fram av meldinga kva rett som vert gjort gjeldande.

## **7. Forbod mot holdingselskap**

7.1 Partane har ikkje høve til å eige aksjane i Selskapet gjennom holdingselskap. Overføring til eit holdingselskap utløyser forkjøpsrett etter punkt 5. Dette er eit unntak frå unntaket i aksjeloven § 4-21 (2).

## **8. Forholdet til forkjøpsretten i SFE**

8.1 Selskapet sine aksjar i SFE er påhefta forkjøpsrett.

8.2 Partane skal derfor ikkje gjere noko som utløyser denne forkjøpsretten, medrekna skal A-aksjane ikkje kunne avhendast, utan det på førehand er avklart at forkjøpsrett for SFE-aksjane ikkje vert utløyst av denne avhendinga.

## **9. Forbod mot delvis overdraging av A-aksjane**

9.1 A-aksjane kan berre overdragast samla.

## **10. Fredingstid**

10.1 B-aksjane kan ikkje avhendast før 31. desember 2029.

## **11. Meldingar**

11.1 Meldingar etter Aksjonæravtalen skal sendast elektronisk og per post til den einskilde Part på kontaktdetaljane i Vedlegg 3.

\* \* \*

[Signaturar følger på neste side]

[stad], [dato]

[placeholder for signaturar]

## Vedlegg 1 – Oversikt over Primærkommunar og fordeling av aksjar etter høvet

[Placeholder]

**Vedlegg 3 – Adresseliste**

<b>Part</b>	<b>E-post</b>	<b>Post</b>
Sogn og Fjordane fylkeskommune		
Førde kommune		
Flora kommune		
Sogndal kommune		
Stryn kommune		
Eid kommune		
Vågsøy kommune		
Gloppen kommune		
Årdal kommune		
Luster kommune		
Høyanger kommune		
Bremanger kommune		
Askvoll kommune		
Jølster kommune		
Gaular kommune		
Fjaler kommune		
Naustdal kommune		
Selje kommune		
Vik kommune		
Gulen kommune		
Leikanger kommune		
Lærdal kommune		
Aurland kommune		
Hyllestad kommune		
Balestrand kommune		
Solund kommune		